

Retningslinjer for Ekstraordinære midlar 2021 til kulturaktivitet som er råka av pandemien

Til politisk handsaming i hovudutval for Kultur, idrett og integrering 8.september 2021

Vestland fylkeskommune lyser ut ekstraordinære midlar i ei tilskotsordning som skal stimulere til gjenopptaking av kultur- og idrettsaktivitet i fylket. Det er til saman sett av 9 300 000 kroner til denne ordninga som skal fordelast mellom desse områda:

- Idrett og friluftsliv
- Frivillig kulturliv
- Profesjonelt kulturliv

Støtta skal hovudsakleg gå til/gjennom verksemder/organisasjonar med regionalt nedslagsfelt/verkeområde.

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedteke gjennom regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025; PREMISS: KULTUR, og i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027; Kultur for alle. Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken. Vidare vil PREMISS: KULTUR og Kultur for alle liggje til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar og er saman viktige reiskap i vurderingane av søknadar.

Føremål med ordninga

Hovudmålet for ordninga er å gjenopprette og stimulere til vidare aktivitet, både innan det profesjonelle og frivillige kunst-, kultur- og idrettsfeltet i Vestland etter dei innskrenkingar koronapandemien har medført.

Kven kan søke

- Ordninga gjeld for aktørar innan det frivillige kunst- og idrettsfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturfeltet i Vestland
- Søkjaren må vere offentlege eller private verksemder.
- Søkjar må ha organisasjonsnummer.
- Organisasjonar / institusjonar som har fått driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune vil verte prioriterte, men andre kan søkje støtte om tiltaket har tilstrekkeleg regional verdi.

Søknadsfrist

Tilskotsordninga lysast ut med søknadsfrist 1.november 2021.

Kva ein kan få støtte til

- Tiltak/aktivitetar som skal bidra til å gjenopprette og skape ny aktivitet etter pandemien.
- Omsøkt aktivitet skal vere lokalisert i Vestland og gå føre seg i tidsrommet juni 2021 til juni 2022.
- Regionale paraply- og nettverksorganisasjonar både innan profesjonell kunst og kultur, frivillig sektor / idrett og friluftsliv har høve til å vidareformidle midlar til sine medlemmer / brukarar. Søknaden må då innehalde klart føremål og plan for slik vidareformidling.
- Enkeltverksemder kan søkje om tilskot på inntil 200 000 kroner.
- Nettverks- og paraplyorganisasjonar som søkjer på vegne av fleire medlemmer/deltakarar kan søkje om inntil 1 million kroner.
- Denne ordninga har ikkje som hovudhensikt å kompensere for tap som kulturlivet opplever under pandemien, men først og fremst å stimulere til gjenopptaking og ny aktivitet etter pandemien. Det er staten som har hovudansvaret for kompensasjon av tap som dei pålagte restriksjonane har ført til og vil føre med seg. Samtidig er det mogleg for einskilde organisasjonar å søkje om evt. krisemidlar. I så tilfelle må den einskilde argumentere for og dokumentere kvifor dei står i ein særskild situasjon som ikkje har kunne løysast av td. statlege eller andre tilskots- og kompensasjonsordningar.

Vurdering

Følgjande punkt vert lagt til grunn for vurderingane:

- Behovet for ekstra tiltak
- Behovet for ekstraordinære midlar for å gjennomføre den aktuelle aktiviteten / tiltaket.
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad
- Regional kulturverdi
- Motteke driftsstøtte 2021
- Tiltaket kan ikkje finansierast av statlege eller andre kompensasjonsordningar
- Konsekvens av av evt. inntektsbortfall

Avdelingsdirektør skal sette ned ei tverrfagleg gruppe i avdeling for kultur, idrett og inkludering for som skal førebu saka om tildeling for politisk handsaming.

Tal på søknadar og samla søknadssum vil vere avgjerande for korleis midlane vert fordelt. Støtte gjennom denne støtteordninga er ikkje rettighetsbasert.

Krav til søknaden

Søknaden skal fremjast på elektronisk søknadsskjema

For å få støtte må søknaden gjere tilstrekkeleg greie for:

- føremål for og innhaldet i prosjektet eller tiltaket og korleis dette er knytt til pandemisituasjonen
- informasjon om korleis arbeidet er planlagt gjennomført
- budsjett

Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune.

Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. Forvaltningslova (Fvl.). Unnatak gjeld personopplysningar. Desse vert unntaete offentlegheita jf. Fvl. §13. I særlege tilfelle kan utsett offentlegheit vurderast etter Fvl.

Avdeling for Kultur, idrett og inkludering førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunnjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunnjevast.

Oppfølging og rapportering

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden.

Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Midlane kan betalast ut på førehand, og tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført, og seinast eitt år etter vedtak om tilskot.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll. Misleghald i bruk av tilskotet kan føre til krav om attendebetaling av heile eller deler av tilskotet, eller eventuelt andre sanksjonar.

Klage

Vedtaket kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen vert sendt til Vestland fylkeskommune